

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 10.04.2017  
**SAKSHANDSAMAR:** Vidar Vie  
**SAKA GJELD:** **Forskrift om leing og kvalitetsforbetring**

**ARKIVSAK:** 2017/1414  
**STYRESAK:** **032/2017**

**STYREMØTE:** **28.04.2017**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek forskrift om leing og kvalitetsforbetring til orientering og føreset at den blir gjort kjent og implementert på ein god måte i føretaket.
2. Styret støttar administrerande direktørs arbeid med å etablere eit kvalitetssystem for føretaket, og ber om ei orientering om arbeidet hausten 2017.

## Oppsummering

Forskrift om leing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta tok til å gjelde frå 1. januar 2017. Den er tydeleg på kva oppgåver plikta til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere omfattar. Forskrifta utdjupar kravet om systematisk arbeid med kvalitetsforbetring og pasienttryggleik, og tydeleggjer kven som har det overordna ansvaret.

Helse Førde har sidan 2016 arbeidd med å etablere eit kvalitetssystem som mellom anna skal sikre implementeringa av krava i forskrifta. Målet er at systemet skal vere fullt etablert ved utgangen av 2017.

## Fakta

Føremålet med forskrifta er å medverke til fagleg forsvarlege helse- og omsorgstenester, kvalitetsforbetring og pasient- og brukarsikkerheit, og at dei andre krava i helse- og omsorgslovene vert etterlevde.

Forskrifta erstattar tidlegare forskrift om internkontroll i helse- og omsorgstenesta, men vidarefører dei fleste krava i den tidlegare forskrifta. Det går no tydelegare fram at internkontroll er ein integrert og naturleg del av styringssystemet til verksemda. I styringsdokumentet til Helse Førde for 2017 blir det framheva at den nye forskrifta er eit sentralt verkemiddel som plasserer ansvar og skildrar heilt grunnleggjande krav som verksemdar i helsetenesta må styre etter for å gi forsvarlege og gode helsetenester, og for å forbetre tenester som ikkje er gode nok.

Forskrifta stiller bestemte krav til at arbeidet med internkontroll skal utførast etter alminneleg forbetningsmetodikk i ein syklus, der

§ 6 - gjeld plikta til å planleggje verksemda

§ 7 - gjeld plikta til å gjennomføre oppgåvene i verksemda

§ 8 - gjeld plikta til å evaluere og kontrollere gjennomføringa av oppgåvene til verksemda

§ 9 - gjeld plikta til korrigere aktivitetane til verksemda


I omtalen frå Helse- og omsorgsdepartementet til den nye forskrifta blir det poengtert at dette er toppleinga sitt ansvar, og at forskrifta er eit klarare krav til leing i helse- og omsorgstenesta.

Forskrifta vart følgt opp med ein rettleiar frå Helsedirektoratet 17. februar 2017. Den er ein systematisk gjennomgang av forskrifta med ei kort innføring i krava og forklaringar på kva krava betyr i praksis.

## Kommentarar

Helse Førde etablerte prosjekt «Kvalitetssystem i Helse Førde» i 2016, etter at den nye forskrifta var sendt ut på høyring. Det vart utarbeidd ein modell som skulle støtte krava i den nye forskrifta og som tilsvarar krav i ISO 9001:2015 «Leiingssystem for kvalitet – krav». Eitt av måla med prosjektet var også å implementere nye lovkrav i forskrifta. I arbeidet deltok ressurspersonar frå fleire avdelingar, brukar, tillitsvalde og verneteneste.

Den utarbeidde modellen som føretaksleiinga slutta seg til, ser slik ut:



Hausten 2016 vart sluttrapporten levert og ei gruppe i føretaket arbeider no vidare med å etablere kvalitetssystemet, basert på den nye forskrifta og ISO 9001:2015. Den første gjennomgangen til leiinga er tenkt til juni 2017, men føretaket kjem til å bruke heile 2017 på å etablere og implementere systemet fullt ut.

Forskrift om leing og kvalitetsforbetring i helse og omsorgstenesta er også tema på den første leiardialogsamlinga mellom AD og dei andre leiarane i føretaket 25. april. Der blir forskrifta og rettleiaren gjennomgått. Den blir også lagt ut på intranettet til føretaket.

Det er avgjerande for eit godt styringssystem at det ikkje er tvil om kvar ansvar, oppgåver og mynde er plassert i verksemda. Alle må vere kjende med kva oppgåver dei har sjølve, og i tilstrekkeleg grad ha kunnskap om andre sine oppgåver og kven som har mynde. Forskrifta

poengterer dette på ein god måte, og legg eit godt grunnlag for å kunne arbeide vidare med ei tydeleggjering av dette og andre viktige område i praksis.

Rettleiaren til forskrifta har ei svært praktisk tilnærming og kjem til å vere nyttig når forskrifta skal nyttast i føretaket. Den er lett forståeleg og har mange gode eksempel på kva dei ulike krava betyr i praksis. Det er nok likevel krav til eit tolmodig og systematisk arbeid i implementeringa av forskrifta.

## **Konklusjon**

Forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta skal implementerast i Helse Førde og vil medverke til systematisk styring og leiing og kontinuerleg forbetring. Arbeidet med kvalitetssystem i Helse Førde skal vere med å sikre at forskrifta vert teken i bruk.

Vedlegg:

1. Forskrift om leiing og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten
2. Rettleiar til forskrifta